Norsk Kulturarv

Årsmelding 2014

BYEN KUNNSKAP OPPLEVINGAR MENNESKET KYSTEN INNLANDET INSPIRASJON IDENTITET

Foto: Mathias Øvsteng

VERN GJENNOM BRUK

Olavsrosa til
Eidsvollsbygningen

«Eidsvollsbygningen får tildelt Olavsrosa for sin unike posisjon i norsk historie, for eit særleg solid kulturvernfagleg restaureringsarbeid til grunnlovsjubileet og for lett tilgjenge og god formidling som museum».

«Den som ikke kjenner historien, er dømt til til å gjenta den»
– George Santayana

Årsmelding 2014

1. Bakgrunn

Stiftelsen Norsk Kulturarv (SNK) vart oppretta i 1993 av Oppland fylkeskommune og har 29 innskytarar av eigenkapital, hovudsakleg frå offentleg sektor. Norsk Kulturarv hadde ved utgangen av 2014 1283 enkeltmedlemmer, 296 næringsmedlemmer og 87 kommunar med samarbeidsavtale. 131 bedrifter er pr. dags dato tildelt kvalitetsmerket Olavsrosa.

2. Visjon

Norsk Kulturarvs visjon er

Vern gjennom bruk

Utvikling av nye næringar gjennom bruk av kulturarvverdiar er ein vesentleg del av Norsk Kulturarvs arbeid. Norsk Kulturarv bidrar på denne måten til verdiskaping. Kulturminne som blir brukte aktivt, skapar tilhøyr og identitet.

Aktiv bruk er ein viktig premiss for ein levande og mangfaldig kulturarv.

Kulturarven er kjelde til livskvalitet gjennom gode opplevingar, samtidig som kulturarven gir grunnlag for næringsdrift. Inntekter som blir skapte, kan i neste omgang bli tilbakeført til vernearbeidet.

3. Formål

Norsk Kulturarv er ein interesseorganisasjon med formål å sikre kulturarven vår for komande generasjonar gjennom berekraftig bruk langs kysten, i innlandet og i bystrøk.

Norsk Kulturarv og er open for medlemskap for bedrifter, kommunar, fylkeskommunar, regionråd, organisasjonar og enkeltmedlemmer.

Norsk Kulturarv skal etter punkt 2 i vedtektene:

- ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminne
- arbeide for – og delta aktivt i forsvarleg næringsutnytting av kulturarven
- gjennom økonomisk og fagleg bistand drive aktivt kulturminnevern med heile landet som arbeidsområde

Norsk Kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd, informasjon og formidlar verdiar som inspirasjon, kunnskap og identitet.

Norsk Kulturarv skal profilere seg gjennom aksjonar, prosjekt og spesielle produkt.

4. Styret si årsmelding for 2014

Stiftelsen Norsk Kulturarv sitt styre har i meldingsåret hatt 8 styremøte (to av dei via mail) og behandla 68 saker. Styret har i meldingsåret bestått av:

Til årsmøtet 2014

Styremedlemmer
Bjørn Ølander – leiar
Ivar Odnes – nestleiar
Ellen Nordstoga
Arne Wikan
Hanne Kristin Jakhelln
Jarle Braut
Kirsti Kolle Grøndahl

Vara
Mariann Isumhaugen
– for Ivar Odnes
Margun Pettersen
Randi Bårtvedt

Tiltredande til styret:
Erling Lae, Rådet
Jens Peter Ringstad, Fagrådet
Reidar Stangenes, tillitsvald

Etter årsmøtet 2014

Styremedlemmer
Kirsti Kolle Grøndahl – leiar
Bjørn Ølander – nestleiar
Ivar Odnes
Ellen Nordstoga
Hanne Kristin Jakhelln
Jarle Braut
Øystein Rudi
Ingrid Jogerud – representant for dei tilsette

Vara
Mariann Isumhaugen
– for Ivar Odnes
Randi Bårtvedt
Hilde Grytting

Tiltredande til styret:
Jens Peter Ringstad, Fagrådet

Kirsti Kolle Grøndahl vart vald inn i styret under årsmøtet i 2013, og starta sitt virke 01.01.14.

Andre tillitsvalde i Norsk Kulturarv:

Til årsmøtet 2014

Valgkomité
Ole Tvete Muriteigen – leiar
Kirsti Indreeide
Magnar Lussand

Etter årsmøtet 2014

Valgkomité
Ole Tvete Muriteigen – leiar
Kirsti Indreeide
Erling Lae

Norsk Kulturarvs Fagråd

Fram til styremøtet 17. september
Jens Peter Ringstad – leiar
Arne Brimi
Eir Ragna Grytli
Arnstein Brekke

Etter styremøtet 17. september
Jens Peter Ringstad – leiar
Bjørg Aaseng Vole
Eir Ragna Grytli
Arnstein Brekke

Stiftelsen er også morselskap med 100 % eigarskap i Senter for bygdekultur AS og 67 % av aksjane i Handverksskolen AS. Studieforbundet kultur og tradisjon eig dei andre 33 % av aksjane i Handverksskolen AS.

Styreleiar har fast godtgjersle, resten av styret har møtegodtgjersle for frammøte.

5. Administrasjonen

Administrasjonen i Norsk Kulturarv har kontor i Edvard Storms veg 4 i sentrum av Vågåmo.

Ved årsskiftet bestod administrasjonen av følgjande:

- Erik Lillebråten, direktør
- Reidar Stangenes, administrasjonssjef
- Mathias Øvsteng, redaktør for magasinet «Kulturarven»
- Ingrid Jogerud, organisasjonssjef
- Tor Valdvik, kommunikasjonssjef, leiar Norsk Smaksskule

Dette representerer 4,8 årsverk.

6. Årsmøtet 2014

Norsk Kulturarv sitt fagseminar og årsmøte vart halde på Olavsrosestaden Hoel Gård i Ringsaker 22. og 23. mai. Tema for fagseminaret var rammevilkår for eigarar og brukarar av kulturminne.

Årsmøtet vedtok ei fråsegn som vart send til næringskomiteen på Stortinget, der vi uttrykte uro over at det i jordbruksforhandlingane låg an til betydeleg kutt i SMIL-ordninga.

Årsmøtet var ope for alle samarbeidskommunar, enkelt-, bedrifts- og næringsmedlemmer.

Under årsmøtet vart Norsk Kulturarvs ærespris for 2014 tildelt Jon Bojer Godal.

7. Økonomi

Styret meiner at den framlagde resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gir tilfredsstillande informasjon om drifta i Stiftelsen Norsk Kulturarv pr. 31.12.2014.

Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad av at det er grunnlag for framleis drift.

Rekneskapen for 2014 syner positivt driftsresultat for Stiftelsen Norsk Kulturarv på NOK 243 575,-. Årets overskott vart på NOK 319 153,-.

Sum bunden eigenkapital (stiftelseskapital og innskoten, registrert stiftelseskapital) er på kr 1 550 000,-.

Inntektene består av tilskott frå KLD (Klima- og miljødepartementet), ulike former for prosjektstøtte og kontingentar. Vi må halde fram med arbeidet for å få påreknelege rammer frå det offentlege og inngå nye, langsiktige samarbeidsavtaler med kommunar og private selskap.

Grunnstøtta frå KLD var i
2012: kr 398 000
2013: kr 708 000
2014: kr 1 083 000.

8. Likestilling, sjukefråvær og arbeidsmiljø

Stiftelsen legg vekt på at kvinner og menn blir gitt like moglegheiter i administrasjon og styre. Styret består av 3 kvinner og 4 menn, administrasjonen av 1 kvinne og 4 menn.

Arbeidsmiljøet og trivselen på arbeidsplassen er god. Ein arbeidstakar var i perioden frå 24. november og ut året sjukemeld på grunn av operasjon. Årsaka til operasjonen var ikkje forhold på arbeidsplassen.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

9. Styret si vurdering for det vidare arbeidet

Norsk Kulturarv skal sikre vår kulturarv for komande generasjonar og ivareta interessene til eigarar og brukarar av freda og verneverdige kulturminne. Norge har ein stor ressurs i vår bygningsarv. Vi meiner at vi best tar vare på kulturarven når den er i aktiv bruk og når den får nye bruksmåtar, tilpassa vår tid.

Norsk Kulturarv skal stå fram som ein profilert aktør i forvaltninga av aktivt miljø- og kulturvern. Norsk Kulturarv skal stå i fremste rekkje når det gjeld informasjon, haldningsskapande arbeid, rådgiving og deltaking i ulike forum der næringsutvikling basert på ulike kulturminne er tema.

For å vidareutvikle reiselivet i Norge er det viktig å bruke kulturarven vår, med norsk mat og norske mattradisjonar, og å vidareutvikle kulturlandskapet.

Det må utviklast eit betre samarbeid mellom organisasjonane som arbeider for kulturarv, bygdeturisme og matkultur til beste for næringsutøvarar og samfunn.

Styret meiner det er godt grunnlag for vidare drift.

10. Utoverretta verksemd

Enkeltpersonar, lag/organisasjonar og kommunar/fylkeskommunar kan vera medlemmer i Stiftelsen Norsk Kulturarv. Magasinet KULTURARVEN kjem ut fire gonger årleg, og blir sendt til medlemmene.

Norsk Kulturarv har i meldingsåret forsøkt å nytte våre internettkanalar og magasinet Kulturarven til verving. Dette arbeidet blir intensivert blant anna med utgangspunkt i arbeidet med nye og oppdaterte sider på nettet. Vi tar sikte på at dette arbeidet blir sluttført i løpet av 1. halvår 2015.

«Rydd eit kulturminne»

«Rydd eit kulturminne» 2013–14 vart formelt avslutta hausten 2014 med rapport til samarbeidspartnarar. Aksjonen vart finansiert med NOK 1 000 000,- frå Sparebankstiftelsen DNB og NOK 45 000,- frå Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen.

NOK 100 000,- frå Riksantikvaren gjekk til premiering av dei 10 beste prosjekta.

Totalt 111 prosjekt vart innrapporterte, og alt frå husmannsplassar, setrer, utmark og gamle ferdselsårer til industrielle kulturminne, gravminne og krigsminne har fått nytt liv. Over 2 700 barn og unge har deltatt gjennom skular, lag og foreiningar frå alle fylke i Norge.

Norsk Kulturarv planlegg ny ryddeaksjon for skuleåret 2015–2016.

«Ta eit tak»

Aksjonen frå 2012 vart avslutta i 2014 med sluttrapport til alle samarbeidspartnarar den 15.05.2014. «Ta eit tak 2012» retta seg mot våningshus og driftsbygg, og det var totalt 141 søkjarar som fekk tilsegn om støtte.

Ved rapporteringsdato var 99 prosjekt gjennomførte, og 36 hadde søkt om utsetjing til seinare i 2014 og nokre i 2015. Nokre få prosjekter vart skrinlagde, men dei aller fleste har rapportert innan fristane dei har fått. «Ta eit tak 2012» var sponsa av Stiftelsen UNI med totalt NOK 2 500 000.

I desember 2014 lanserte vi «Ta eit tak 2014–15», nok ein gong med Stiftelsen UNI på laget, som har gitt totalt kr 1 500 000 til aksjonen. «Ta eit tak 2014–15» er den 10. aksjonen sidan byrjinga i 1998, og i høve jubileet har vi valt å introdusere eit nytt satsingsområde. I tillegg til tradisjonelt skadeførebyggande tiltak vil vi denne gongen også løyve tilskot til gjennomføring av el-kontroll. Som ein reaksjon på blant anna brannen i Lærdal i 2014 ønskjer Norsk kulturarv med dette å bidra til brannførebygging i tett trehusbusetnad. Denne gongen, som i 2012, er målgruppa våningshus og driftsbygg.

«Norsk Smaksskule»

Smaksskulen er ein aksjon retta mot barn i barnehagar og grunnskule, der vi ønskjer å inspirere til interesse for mat- og råvarekunnskap som ein del av identitet og kulturarv. Det er viktig å lære barn til å setja pris på dei norske råvarene, dei naturlege smakane og den særnorske matkulturen.

Norsk Smaksskule starta opp piloten med kurs i august 2013. 24 deltakarar frå sju ulike fylke deltok. Skuleåret 2014–15 vart Norsk Smaksskule sett i gang med full styrke, og engasjerer om lag 10 000 barn og unge over heile landet. 100 barnehage- og skuletilsette deltok på kurs i Haugesund, Vågå og Røros. Dette var eit tredagars kurs, der det var ein dag med Arne Brimi, ein dag med Morten Schakenda og ein dag med smak- og ernæringsekspert frå NOFIMA, Einar Risvik. Eit grundig tilbakemeldingsskjema syner at deltakarane er nøgde eller svært nøgde med det dei fekk ut av kurset. Etter kurset har vi oppretta ei erfaringsdelingsgruppe på Facebook, der deltakarane deler erfaringar, idear og oppskrifter.

Norsk Smaksskule hadde ei positiv utvikling i meldingsåret 2014. Med inntekter til aksjonen på kr 5 150 000 i løpet av året, samt ei firedobling av antal deltakarar, har Norsk Smaksskule ein god kurs. I 2014–15-versjonen av aksjonen har vi deltakarar frå Karasjok i nord til Kristiansand i sør.

Det nasjonale dugnadslaget for kulturarven

Det nasjonale dugnadslaget for kulturarven omfattar ved årsskiftet oppunder 100 kommunar. Avtala med kommunane omfattar profilering av ulike mindre, ikkje-kommersielle kulturminne i kommunane, undervisningsopplegg for grunnskulen og prioritert deltaking i samband med Norsk Kulturarvs aksjonar.

Informasjon

Magasinet KULTURARVEN, *www.kulturarv.no, www.olavsrosa.no,* samarbeidet med NAF og Nasjonal Turistveg. Aktivitet i sosiale medium er sentrale kanalar for basisinformasjon om organisasjonen. KULTURARVEN kjem ut med fire nummer i året. I tillegg til distribusjonen blant medlemmer og næringsmedlemmer går KULTURARVEN til ulike politiske miljø både nasjonalt og regionalt, til kommunar med samarbeidsavtale, til bibliotek og ulike organisasjonar.

I samband med eit utvida sommarnummer (74 på sider) der vi samarbeidde med fleire fylkeskommunar om «kulturelle omvegar» og

med Statens vegvesen om presentasjon av 18 nasjonale turistveger, auka vi opplaget til 10 000 med meir-distribusjon bl.a. til fylkeskommunar og involverte næringsaktørar langs rutene.

Tema for KULTURARVEN i 2014 har vore:

Nr. 67 Handverk
Nr. 68 Kultur og reiseliv
Nr. 69 Kulturlandskap
Nr. 70 Kultur i dag – kulturarv i morgon

Det nasjonale kvalitetsmerket Olavsrosa

I 2014 er Olavsrosa utdelt til følgjande:

- Else «Sprossa» Rønnevig
- Norsk Hestavlsseter
- Mathallen i Oslo
- Herangtunet i Valdres
- Nutheim Gjestgiveri i Telemark
- Eidsvollsbygningen

I 2014 har styret vedtatt å tildele Olavsrosa til:

- Havnnes Handelssted, Lyngen i Troms
- Vølneberg Gamle Skole

Desse utdelingane har ikkje skjedd ennå.

Norsk Kulturarvs ærespris

Ærespisen går til enkeltpersonar eller grupper, lag og organisasjonar som har vist evne og vilje til å yte særleg aktiv innsats for den norske kulturarven.

Norsk Kulturarvs ærespris for 2014 vart tildelt Jon Bojer Godal. Utdelinga skjedde under årsmøtet på Hoel Gard i mai.

Tidlegare er den nasjonale ærespisen tildelt:

- 2007: Nasjonale Turistveger
- 2008: Harald Grytten, Møre og Romsdal
- 2009: Engøyholmen kystkultursenter, Rogaland
- 2010: Storfjordens Venner, Møre og Romsdal
- 2011: Astri Riddervold, Nordland
- 2012: Jon Ole Andersen, Finnmark
- 2013: Oddgeir Bruaset, Møre og Romsdal

Norsk Kulturarvs gullnål

Norsk Kulturarvs gullnål er tildelt Christian Sulheim, Martin Vik, Inger-Lise Gjørv, Rune Øygard, Jens Peter Ringstad, Magnar Lussand, Inger-Lise Skarstein og Birger Brandtzæg.

Det var inga utdeling av gullnål i 2014.

Den nasjonale kulturlandskapsprisen

Norsk Kulturarv har tatt initiativ til Den nasjonale kulturlandskapsprisen, som blir delt ut årleg i samarbeid med Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning for å stimulere til utvikling av kulturlandskapet.

I 2014 vart Den nasjonale kulturlandskapsprisen tildelt Storfjordens Venner.

Prisen er tidlegare tildelt:

- 2007: Hjartdal kommune og ordførar Olav Tho, Telemark
- 2008: Herand bygdelag i Jondal kommune i Hordaland
- 2009: Nordherad-prosjektet i Vågå kommune i Oppland
- 2010: Vegaøyans Venner, Vega kommune i Nordland
- 2011: Maridalens Venner i Oslo
- 2012: Historiske hager ved Marianne Olssøn og Ingeborg Sørheim, Ringsaker kommune i Hedmark
- 2013: Hauan Gard, Re kommune i Vestfold

Juryen for 2014 var følgjande:

- Juryleiar statsråd Sylvi Listhaug
- Fylkesmann Erling Lae
- Jørn Rolfsen, administrerande direktør i Statens landbruksforvaltning (SLF)/ Landbruksdirektoratet
- · Lars Petter Bartnes, leiar i Norges Bondelag
- · Merete Furuberg, leiar i Norsk bonde- og småbrukarlag
- · Kirsti Kolle Grøndahl, styreleiar i Stiftelsen Norsk Kulturarv

Erik Lillebråten, direktør i Norsk Kulturarv, er sekretær for juryen.

Det vart halde eitt møte i juryen, leia av statssekretær Hanne Maren Blåfjelldal på vegner av statsråden.

Medieomtale

Det har vore arbeidd systematisk med kontakt mot pressa. Dette har ført til oppslag i nasjonale, regionale og lokale medium. Dekninga av overrekking av kvalitetsmerket Olavsrosa har vore svært god. Utdelinga av Den nasjonale Kulturlandskapsprisen og Ærespisen ga også god pressedekning.

Representasjon og møte
Norsk Kulturarv har i løpet av meldingsåret deltatt i ei rekke møte med offentlege og private verksemder. Blant anna har vi vore på høyringar på Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2015.

Det har elles vore diverse kontaktmøte med stortingspolitikarar og representantar for departement og andre sentrale styremakter.

Kontaktmøte med ei rekke instansar og samarbeidspartnarar, slik som Norges Kulturvernforbund, Norsk Kulturminnefond, Riksantikvaren, Norges Bondelag, Norsk Bonde- og småbrukarlag, Senter for Bygdekultur, Handverksskolen Hjerleid, Sparebankstiftelsen DNB, Gjensidigestiftelsen, Opplysningsvesenets Fond,VIRKE, NHO, Innovasjon Norge og andre.

5. Revisjon

BDO AS (Binder, Dijker, Otte & co) vart vald som revisor på årsmøtet i 2014.

Ansvarleg er statsautorisert revisor Rune Pettersen, Lillehammer.

Styret vil takke alle gode støttespelarar som har bidratt til arbeidet i meldingsåret.

Styret takkar også administrasjon for godt arbeid i 2014.

Vågå, 17. mars 2015

Kirsti Kolle Grøndahl
styreleiar

Bjørn Ølander
nestleiar

Ellen B. Nordstoga
styremedlem

Ivar Odnes
styremedlem

Jarle Braut
styremedlem

Hanne K. Jakhelln
styremedlem

Øystein Rudi
styremedlem

Erik Lillebråten
direktør

Ingrid Jøgerud
tilsettes representant

Norsk Smaksskule:

Ein million frå Gjensidigestiftelsen

Veslemøy Rue Barkenes, Evy Renate Kveen, Kirsti Kolle Grøndahl og økonomisjef i Gjensidigestiftelsen, Ivar Øien. Bak: Erik Lillebråten og Tor Valdvik.

Ein million til Norsk Kulturarv og Norsk Smaksskule betyr at Gjensidigestiftelsen nå også engasjerer seg i kosthald, smak og matglede, sa gåvesjef Veslemøy Rue Barkenes da ho delte ut sjekken under ei tilstelling på Brimi Sæter 24. juni.

Ordførar Iselin Jonassen i Vågå gratulerte og streka under det viktige i å samarbeide for ideane som ligg bak smaksskulen.

Evy Renate Kveen frå Tytingen gardsbarnehage la vekt på at ungane lærer mykje av å få delta i heile prosessen «frå jord til bord».

Hans Brimi orienterte om historia til Brimisetra og korleis dei har gjort osteproduksjonen til ein viktig næringsaktivitet. Han ga også til beste eit nummer på fela.

Norsk Smaksskule:

Fire millionar frå Sparebankstiftelsen DNB

Tre år etter at Norsk Kulturarv starta arbeidet med Norsk Smaksskule, går Sparebankstiftelsen atter inn med store midlar til prosjektet. Gåva på heile fire millionar vart markert saman med Arne Brimi og barna i barnehagen på NaKuHel-senteret i Asker.

Tor Valdvik mottar det synlege beviset på gåva til 4 mill. kroner av gåvesjef Sissel Karlsen

Arne Brimi fekk barna med på den gode smaken

«Ta eit tak 2014–15»

Naustloe frå 1850, Surnadal

287 søknader om tiltak for å berge forfallstrua bygningar av kulturhistorisk verdi og 29 søknader om tilskot til el-kontroll kom inn før søknadsfristen 1. februar. Aksjonen i år rettar seg mot våningshus og driftsbygningar, og det er Stiftelsen UNI som har bidratt med kr 1,2 mill. Av dette er kr 450 000 øyremerkt til el-kontroll. Rundt 45 % av søknadene gjeld våningshus og seterhus, 45 % ulike slags driftsbygningar og 10 % naust, jaktbuer, skulehus og nokre heilt spesielle anlegg som f.eks. klokkestøyperi, lysthus og dokkestue.

Også denne gongen avslører søknadsmengda eit enormt gap mellom behov og tilgjengelege midlar. Den totale søknadssummen når det gjeld det generelle «ta-eit-tak-opplegget» er heile 7,405 mill. kroner, medan midlane vi rår over i denne kategorien er kr 750 000 – litt over 10 % av det registrerte behovet.

Det er søkjarar frå alle fylke – flest frå Oppland, mange frå Telemark, Sogn og Fjordane, Hordaland, Buskerud og Møre og Romsdal. Elles er det nokså jamn fordeling – likevel færrast som søkjer frå Oslo, Vestfold, Troms og Finnmark.

29 har søkt om tilskot til el-kontroll, flest frå Oppland og Telemark. Elles er det søknader frå Østfold, Hordaland, Sogn og Fjordane, Vestfold, Nord-Trøndelag, Rogaland, Aust-Agder, Møre og Romsdal og Finnmark.

Vi vil ha fleire søknader om el-kontroll, og legg ut ny søknadsrunde, med frist 1. april.

Dei fleste søkjarane skal ha fått svar på søknadene når dette nummeret av Kulturarven er distribuert.

Årestue frå 1600, Voss

Stabbur fra 1900, Horten

Skolestue og våningshus frå 1700, Levanger

Rydd et kulturminne 2013–14:

111 prosjekter er gjennomført

Den prisbelønte aksjonen «Rydd et kulturminne» ble gjennomført for sjuende gang i løpet av skoleåret 2013–2014. Over 2700 barn og unge har gjennom skoler, lag og foreninger deltatt i aksjonen og sørget for tilgjengeliggjøring og vedlikehold av kulturminner over hele landet.

Lærere og elever fra 5. trinn ved Halmstad barne- og ungdomsskole. Privat foto

Glad gjeng fra Bardu ungdomsskole med diplom etter vel utført arbeid. Privat foto

8. klasse ved Varteig rydda ved Kullerudbekken. Privat foto

Femteklassinger fra Vega i arbeid ved Grøttlandshuset. Privat foto

NAF og Norsk Kulturarv

Administrerende direktør i NAF, Stig Skjøstad, og direktør i Norsk Kulturarv, Erik Lillebråten, bekrefter det gode samarbeidet



Marianne Gamre, prosjektleder for NAF Ruteplanlegger, orienterer om antall brukere og utviklingsmuligheter for ruteplanleggeren. Antall brukere er stort, og dette blir en viktig kanal for informasjon, i tillegg til Norsk Kulturarvs egne sider.

Per Roger Lauritzen har vært Norsk Kulturarv sin kontaktperson i NAF. Her blir dette verdsatt av Norsk Kulturarv sin mann i dette samarbeidet, Reidar Stangenes.

Med sine 500 000 medlemmer er NAF en viktig kanal mot den veifarende sommerturist, som igjen er en viktig kundegruppe for Norsk Kulturarv sine medlemmer. Samarbeidet mellom de to organisasjonene blir mer og mer omfattende.

Dei kulturelle omvegar

Norsk Kulturarv er opptatt av spesielle kvalitetar langs spesielle vegstrekningar, som kan gje den vegfarande turisten ulike kulturopplevingar til sides med dei stortrafikkerte vegane. Vi veit at slike opplevingar finst i mange og mangfaldige fasettar langs dal og fjord og fjell, rundt byar og tettstader.

Vi har invitert alle fylkeskommunane til å presentere nokre eksempel på det det vi har kalla «dei kulturelle omvegar» i dette nummeret av Kulturarven, der vi har vore ute etter kulturhistoriske attraksjonar som kan gi oppleving og kanskje «medleving» for turistar.

Kinn med Kinnaklova i bakgrunnen. Foto: Gry Seim

Vakre Fjærland. Foto: Frithjof Fure/Fjord Noreg

Karljohansvern. Foto: Anne Merete Knudsen

Hamnvik handelssted ble etablert i 1794. Her kan du oppleve gammel storhetstid og kystkultur. Foto: Einar Johan Dons



Gokstadhaugen. Foto: Arve Kjersheim. Riksantikvaren



På feltet Kirkely ble det i 2010 oppdaget flere nye helleristninger

Seilskutebyen Skudeneshavn. Foto: Ørjan B. Iversen

Svede bru på Øye. Foto: Terje Rakke/Nordic Life/Destinasjon Ålesund & Sunnmøre

«Skilnad på å vita og å kunna»

Jon Bojer Godal vart under årsmøtet tildelt Norsk Kulturarvs ærespris for 2014. Han representerer i høg grad den handborne kunnskapen.

I grunngjevinga frå fagråd og styre heiter det at Jon Bojer Godal får prisen for det store arbeidet han har lagt ned for kunnskap og forsking når det gjeld folkeleg arkitektur, for si spesielle kraft i formidlinga og for oppbygging av næmingordninga.

Leiaren i fagrådet, Jens Peter Ringstad, la fram grunnane for tildelinga. Han refererte at det var mange gode kandidatar, og at Norsk Kulturarv denne gongen fann å gje prisen til ein som i mange tiår har kjempa for den praktiske handverksutdanninga. Å gjera og ikkje berre lesa eller høyre på undervisning er sjølve fundamentet for godt handverk. Bojer Godal er kjend som ein framifrå utøvar, ambassadør og formidlar innan både kystkultur, båtbygging og husrestaurering. I eitt og alt er det den handlingsborne kunnskapen som er i høgsetet. Han har skrive fleire bøker, og vore banebrytande i oppbygginga av ei spesialisert handverksutdanning gjennom næmingordninga, der han har samarbeidd mykje med Steinar Moldal frå Dovre.

Jon Bojer Godal takka for prisen, og sa at det er hyggeleg å få slik påskjønning for det som starta rundt 1970, da den grøne bølgja rulla over landet – og da unge radikalarar ofte var mest opptatt av teori og til dels fantasi. Han kom fram til at ord måtte gjerast til handling, der livet og oppgåvene måtte kjennast på kroppen.

Folk måtte ut i skogen for å lære å kunne – ikkje berre vita. Det er ikkje nok med kunnskap, ein må kunne utøve kunnskapen, sa Godal.

Den nasjonale kulturlandskaps-

Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug og styreleiar Kjell Løseth i Storfjordens Venner

Staden var Olavsrosestaden Ytste Skotet, og anledninga var tildelinga av Den nasjonale kulturlandskapsprisen for 2014 til Storfjordens Venner.

Tekst og foto: Reidar Stangenes
reidar@kulturarv.no

STORDAL: Sidan 1975 har Storfjordens Venner restaurert og halde ved like dei veglause fjord- og fjellgardane i Storfjorden. Det frivillige arbeidet har så langt ført til at eit tjuetals gardar er bevart for kommande generasjonar ved dugnad, offentlege og private tilskot. På denne måten har organisasjonen formidla kunnskap om levemåte, gardsdrift og byggeskikk i tidlegare tider. Dette var av noko av det landbruksminister Sylvi Listhaug kom inn på i talen sin under utdelinga av Den nasjonale kulturlandskapsprisen 2014.

Styreleiar Kjell Løseth tok i mot prisen på vegne av foreininga. – Dette er ei enorm oppmuntring for oss. Det er fantastisk å få den høgste prisen ein kan få i Noreg innan vårt virkefelt, sa Løseth. Han var også audmjuk overfor dei som hadde rydda desse plassane, bygd sine heimar og skapt store verdiar gjennom fleire generasjonar. Løseth gav innblikk i historia til alle desse gardane langs fjordstrender og fjellhyller – rike på kvardagssoger i ein dramatisk og kontrastfylt natur mellom fjell og fjord. Storfjordens Venner har med stor respekt tatt opp arven etter dei som krøkte seg fast i desse fjellsidene – i ein mektig natur som gav og tok – ja, som av og til også tok liv.

prisen til Storfjordens Venner

Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug og styreleiar Kjell Løseth i Storfjordens Venner

Sylvi Listhaug saman med æresmedlemmer og eldsjeler frå Storfjordens Venner og gjester

Statsråd Sylvi Listhaug

Direktør Erik Lillebråten i Norsk Kulturarv

Det vart gratulert frå fylkeskommune, kommunane i regionen, Sunnmøre Museum og fleire. Alle som tok ordet under utdelinga av prisen, rosa både kunnskapen og innsatsen til Storfjordens Venner. Storfjordens Venner er profesjonelle frivillige, som har redda og formidla kunnskap om ein ufatteleg kulturrikdom.

Skaparverket var i godlage den dagen dei norske fjordane vart forma. Dette var sølvsagt ikkje gjort på ein dag, nokre tusen år med issmelting måtte til. Fjell og fjordar, fonner og fossar, så spektakulære at folk reiser kloden rundt for å sjå dei. Men det var ikkje den urørte naturen som sto i fokus denne dagen, det var menneskesamspelet med naturen, resultatet av opparbeiding og vedlikehald av eit unikt kulturlandskap. Eit unikt samspel har det vore: Gardane, i desse stupbratte og nærmast utilgjengelege fjellsidene, er lagde i ly for snø- og steinras, og jordbruket, opparbeidinga av kulturlandskapet, er tilpassa ein farefull, men samstundes rik natur.

Da Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si liste over verdas naturarv i 2005, var grunngjevinga at «vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda.» Vidare heiter det at «restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.»

I dag ser vi på gardane som verdifulle smykke, der dei klorar seg fast på rabb og hylle. Vel oppe vart vi fylt av beundring for det som her er skapt, og takknemlegheit overfor dei som har tatt ansvar for vedlikehald av bygningar og kulturlandskap.

Nytt godt år for

Lager smakfull lunsj med barna

På tirsdag besøkte kokk Mikael Forselius (bildet) barn og ansatte ved Steinbråttet barnehage.

SIMEN MESSAL

- Vi har rullet kjøttboller, og resultatet ble veldig bra. Ungene var kjempeflinke, og nå skal vi rive gulrøtter, forteller Mikael da Fjell-Ljom besøkte barnehagen på tirsdag.

Han forklarer at det kanskje er litt vanskeligere å rive gulrøtter enn å rulle kjøttboller.

- Men det blir nok bra. Etterpå skal vi blande dette med appelsiner, og det blir kjempegodt.

- Landsdekkende aksjon

Mikael er hotelldirektø[illegible] dagsholder. H[illegible] vel [illegible]

skoler. Aksjonens mål er blant annet å skaffe barna flest mulig smaksopplevelser i ung alder.

- Vi utdanner blant annet også forskolelærere i smak og ernæring, og vi besøker barnehager og skoler gjennom hele året, forklarer Mikael.

Han forteller at han blant besøkte Øya barnehage i fjor.

- Og hittil i år har vi også hatt kurs med over 100 lærere, sier Mikael.

- Spennende for unge

Fagarbeider Beate Sandåsen ved Steinbrå[illegible] barnehage deltok i august på kurs i forbindelse med Norsk Smaksk[illegible] [illegible]ærte blant an[illegible] [illegible]sthold. Hun [illegible] om mat. [illegible] [illegible]ir barnehage[illegible] [illegible]rsk Smaksk[illegible] [illegible]se. Barna [illegible] [illegible] setter pr[illegible]

Samarbeid ga mersmak

Alta kommune og Norsk kulturarv har funnet oppskriften sammen.

Av Rolf Edmund Lund

Tok det videre i Alta

Alta kommune hadde i vinter fokus på et bemanningskurs og tverrsektorielt gjerde- og naturbarnehage deltok på aksjonen. Mentorene Johannes Ifra bemanningskurs, samt Lotte Jørkolsen og Grete Sæterøy fra Hidrasen, deltok i kurs på kurs med Arne Brimi og Co i Lom. I etterkant har de satt fokus på smak og ernæring med barna. Blant annet gjennom et arrangement i kulturuka.

– Vi er svært fornøyde med resultatene som har blitt skapt i Alta. Det var vår ønskelige prosjekt i kurset lærere og barnehagelærere fra Alta, sier Vaisbrå. Gjennom kurset har også samen for opplegget.

– Alta har fått store ut av samarbeidet med Norsk Kulturarv og håper på lærerne og barnehagelærerne i Alta kjøtmer sin [illegible] og søker om å fortsette på Norsk Smaksskole. Det er svært godt faglig opplegg. I tillegg er det gratis, sier Lotte Jørkolsen.

Tradisjoner

Arne Brimi er fagansvarlig for Norsk Smaksskole og bidrar på [illegible] fra Hommersåk. – Det er en [illegible] som blant annet har lærer og [illegible] tradisjoner med det [illegible] kjøtter. Det er viktig å ta vare på denne kunnskapen for fremtida, sier Brimi. Kurset [illegible] i [illegible] og [illegible] fra n. [illegible]

Brimis gode smak inn i skulen

Nå skal unga i barnehager og skoler få kjenne den gode og ekte smaken.

Av Kulturarv

FAKTA

Norsk Smaksskule

Sandefjord første Vestfold-kommune i Norsk Kulturarv

– Får en smak av kulturen

Fikk besøk av mesterkokk

EIDSVOLL. Skolegjengen i Læringsverkstedet Mork hadde nylig besøk av Mesterkokk Ståle Johansen, Tor Valdvik fra Norsk Smaksskule og Hans Arild Grøndal fra Grøndal Gård i Nes.

MATDAG. Barnehagen Læringsverkstedet Mork fikk nylig besøk av en mesterkokk. Det falt i smak. Foto: Merete Johnsen

